



april 2023

Har barn i din skule/barnehage hjelpemiddel frå NAV Hjelpemiddelsentral?

For barn som treng hjelpemiddel i kvardagen, er hjelpemidla viktige for at dei skal kunne ta del i læring og lek på skulen og i barnehagen.

Når barnet skal byte skule eller barnehage må førebuingane starte tidleg, slik at hjelpemidla er på plass frå fyrste dag på den nye lærestaden.

Dette er viktig å vite

- Hjelpemiddelet barnet brukar skal følgje barnet når han/ho skiftar skule/barnehage.
- Utstyr som skal flyttast må merkast med barnet sitt namn. Det er skulen/barnehagen sitt ansvar å levere utstyret samla til den nye skulen/barnehagen.
- På den nye skulen/barnehagen bør éin person ha hovudansvar for barnet sitt/sine hjelpemiddel. Nye tilsette må få opplæring i bruken av hjelpemiddelet.
- Det er skulen/barnehagen sitt ansvar at hjelpemidla er oppbevarte forsvarleg, og at dei fungerer. Meld frå til kommunal serviceteknikar dersom hjelpemidla ikkje fungerer som dei skal.
- Hugs å sjekke at utstyret dekkjer barnet sitt behov, og meld frå når det oppstår nye behov. Du kan melde frå til kontaktperson for hjelpemiddel i kommunen, til dømes fysioterapeut, ergoterapeut, Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT), PPT eller andre.
- Dersom barnet har eit hjelpemiddel det ikkje treng, skal hjelpemiddelet leverast tilbake. Ta kontakt med kommunen sin mottaksstad for hjelpemiddel, så leverer kommunen utstyret vidare til NAV Hjelpemiddelsentral.

Rørslehjelpemiddel

Viss barnet har fastmonterte hjelpemiddel, til dømes veggmontert stellebord, spyl/tørk-toalett eller personløftar, skal skulen/barnehagen ta kontakt med NAV Hjelpemiddelsentral Vestland så tidleg som mogleg. Ta kontakt på e-post til nav.hot.vestland.bergen.radgivning@nav.no.

Når hjelpemiddel treng lading, er det skulen/barnehagen som har ansvar for at hjelpemidla vert ladde. Dette gjeld også i sommarferien.

[Les meir om rørslehjelpemiddel på Kunnskapsbanken.net.](#)



Kognisjons- og kommunikasjonshjelpemiddel

Når barn nyttar kommunikasjonshjelpemiddel, er det viktig at kompetanse vert overført til ny skule eller barnehage, slik at barnet kan fortsette å bruke språket sitt for å fungere i kvardagen. Gje opplæring til nytt personell som skal overta, og sørg for at det vert oppnemnt ein person med ansvar for oppfølginga på den nye lærestaden.

[NAV Hjelpemiddelsentral held jamleg kurs i programvare for hjelpemiddel innan kognisjon og kommunikasjon. Sjå kurskalenderen vår på nav.no for oversikt og påmelding.](#)

Synshjelpemiddel

Det er viktig å leggje best mogleg til rette med tanke på lys, lyd, kontrastar, taktil merking og ergonomi.

[Les meir om synshjelpemiddel på Kunnskapsbanken.net.](#)

Hørselshjelpemiddel

Sjekkliste for hørselshjelpemiddel:

- Fungerer alle elev-mikrofonane?
- Fungerer lærar-mikrofonane?
- Er batterikapasiteten på mikrofonane akseptabel?
- Er det behov for fleire eller færre mikrofonar på eksisterande anlegg?
- Er smartboard kopla til basen, og fungerer dette?
- Er sendaren for direktelyd kopla til, og fungerer dette?
- Er det andre lydutmattingsanlegg på skulen, eller får skulen nye elevar med behov for lydanlegg?
Viss ja, vil anlegga kunne påverke kvarandre?

[Les meir om hørselshjelpemiddel på Kunnskapsbanken.net.](#)

Tolk for hørselshemma

Kommune og fylkeskommune har ansvar for kommunikasjon med og for hørselshemma i skulen. Når eleven går over til arbeid eller høgare utdanning, vert ansvaret overført til NAV.

Når ein elev søker høgare utdanning, ynskjer vi å vite allereie om våren kva linje og studiestad eleven søker på, og prioritert rekkefølge ved fleire val. Dette er viktig for å planlegge tolkeressursar.

[Informasjon om tolk og søknadsskjema finn du på nav.no.](#)



Støtte og opplæring

- Nettkurs i tilrettelegging for barn og lærarar med nedsett høyrse

NAV Hjelpemiddelsentral Vestland arrangerer nettkurs 23. mai for lærarar og tilsette i PPT, om tilrettelegging i skulen for elevar og lærarar med nedsett høyrse.

Les meir om nettkurs i høyrse og meld deg på i kurskalenderen på nav.no.

- Hospitering og hjelp med lydanlegg

NAV Hjelpemiddelsentral Vestland tilbyr hospitering, der vi er med på montering av lydutmattingsanlegg og gjev opplæring i justering og feilsøk på anlegget. Du kan hospitere lokalt på skulen din, eller på hjelpemiddelsentralen på Kokstad i Bergen.

Les meir om hjelp med lydanlegg og meld deg på i kurskalenderen på nav.no.

- Behov for bistand

Ta kontakt med kommunal serviceteknikar i kommunen, dersom skulen/barnehagen treng bistand.

Dersom serviceteknikaren i kommunen ikkje får løyst problemet, kan de ta kontakt med teknisk ordrekontor på NAV Hjelpemiddelsentral Vestland, Bergen.

Send e-post til nav.hot.vestland.bergen.teknisk@nav.no. Opplys om kva skule det gjeld og kven som er kontaktperson på skulen, og skriv namnet på den kommunale teknikaren som har vore på skulen.

- Informasjon frå NAV Hjelpemiddelsentral

NAV Hjelpemiddelsentral Vestland i Bergen sendar kvar månad nyheitsbrev med informasjon om regelverk og rutinar, endringar i tenestetilbod, kurs og liknande.

For å få nyheitsbrevet må teikne deg som abonnent. Du kan når som helst avslutte abonnementet.

Registrer e-postadressa di på påmeldingssida, og få nyheitsbrevet på e-post.

Med vennleg helsing

NAV Hjelpemiddelsentral Vestland

Tlf. 40 70 28 12



Lenker:

- Les meir om rørslehjelpemiddel på Kunnskapsbanken.net:
<https://www.kunnskapsbanken.net/bevegelse/>
- NAV Hjelpemiddelsentral held jamleg kurs i programvare for hjelpemiddel innan kognisjon og kommunikasjon. Sjå kurskalenderen vår på nav.no for oversikt og påmelding:
[https://arbeidsgiver.nav.no/kursoversikt/?tema=Hjelpemidler%20og%20tilrettelegging&underkategori=Kommunikasjon%20\(ASK\)&underkategori=Kognisjon](https://arbeidsgiver.nav.no/kursoversikt/?tema=Hjelpemidler%20og%20tilrettelegging&underkategori=Kommunikasjon%20(ASK)&underkategori=Kognisjon)
- Les meir om synshjelpemiddel på Kunnskapsbanken.net:
<http://www.kunnskapsbanken.net/syn/>
- Les meir om høyrselshjelpemiddel på Kunnskapsbanken.net:
<https://www.kunnskapsbanken.net/horsel/>
- Informasjon om tolk og søknadsskjema finn du på nav.no:
<https://www.nav.no/no/person/hjelpemidler/hjelpemidler-og-tilrettelegging/tolketjenesten>
- Les meir om nettkurs i høyrsel og meld deg på i kurskalenderen på nav.no:
<https://arbeidsgiver.nav.no/kursoversikt/a167U0000000CQBQA2>
- Les meir om hjelp med lydanlegg og meld deg på i kurskalenderen på nav.no:
<https://arbeidsgiver.nav.no/kursoversikt/a167U0000009JFVQA2>
- Registrer e-postadressa di på påmeldingssida, og få nyheitsbrevet på e-post:
<https://pub.dialogapi.no/s/7e162825-317f-4bca-8961-aeac6de0e571>